

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Sola, Sola Stand Hotel

MØTETIDSPUNKT: 23.03. 2022, KL. 1000 - 1600

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen
Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 025/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 026/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 15.02.2022

Oppsummering

Deltakaroversikten frå styremøtet blei oppdatert.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 15.02.2022.

Sak 027/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 23.02.2022

Vedtak(samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 23.02.2022.

Sak 028/22 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønskja høyringsuttalen til «Vidareutvikling av nasjonal styringsmodell for e-helse» til skriv og meldingar til styremøtet i april.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Covid-19 pandemien – status i Helse Vest

Det er fleire innlagte med Covid-19 enn nokon gang. Om lag 50 % er innlagt med anna hovuddiagnose.

Den største utfordringa i sjukehusa er likevel høgt fråvær.

Per februar 2022 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 8,90 %.

Sjukefråværet har i periodar vore sterkt prega av pandemien. Dei siste vekene har svært mange medarbeidarar vært heime frå jobb grunna eige sjukefråvær eller for sjukdom/smitte i familien. Talet har variert opp til om lag 4 100 medarbeidarar per dag, av ulike fråværsgrunner.

Fleire av føretaka har krevjande dag til dag planlegging. Helseføretaka har eit tydeleg fokus på smitteverntiltak. Om lag 76 % av alle medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest har fått tredje dose. Det er og medarbeidarar som har fått tilbod om vaksine gjennom kommunane.

Koronakommisjonen rapport del to kjem i april 2022.

6. Beredskap i forhold til krigen i Ukraina

Krigen i Ukraina har ført til at Noreg må vere førebudd på ei stor flyktingetilstrøyming. Dette vil få betydning for spesialisthelsetenesta, som må ta høgde for auka tilstrøyming til tenesta både i ankomstfasen og seinare når flyktingane er busette i ein kommune.

Spesialisthelsetenesta vert beden om å ta imot medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina (Medevac), som vert evakuerte frå nabolanda til Ukraina eller andre europeiske land som treng avlastning for slike pasientar.

I føretaksmøte 18. mars 2022, blei dei regionale helseføretaka bedne om å:

1. *førebu seg på ei stor flyktingetilstrøyming frå Ukraina, og i samband med det mellom anna sikre stor nok kapasitet til tuberkulosescreening.*
2. *etablere nasjonal og regional koordinering av mottak av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina og sørgje for behandling og oppfølging av desse pasientane. Omfanget skal løpande avklarast med Helse- og omsorgsdepartementet.*

Oppdraga blir vidareførte til helseføretaka i føretaksmøte 24. mars 2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 029/22 Rapportering frå verksemda per januar 2022

Oppsummering

Målekort

Målekort Helse Vest - januar 2022		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	67	50	
	Ventetid - VOP	45	49	40	
	Ventetid - BUP	40	54	35	
	Ventetid - TSB	35	31	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			9,40 %		
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			69 %		
Korridorpasienter somatikk			1,70 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 299	13 281	0,1 %
	Dagopphold		6 194	5 717	8,3 %
	Poliklinikk		117 973	113 815	3,7 %
Psykiatri	Døgnopphold		917	796	15,2 %
	Dagopphold		86	57	50,9 %
	Poliklinikk		44 785	40 873	9,6 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		108	109	-0,9 %
	Dagopphold				
	Poliklinikk		7 303	7 937	-8,0 %
Bemannings	Brutto månedsverk		24 364	23 589	3,3 %
	*Sykefravær	5,5 %	8,8 %	8,2 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap	Budsjett	Avvik
		-	27 922	73 828	-101 751

*Tal for sjukefravær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare i påfølgande rapporteringsmånadar.

For psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn- og unge, så er Helse Vest i tråd med prioriteringsregelen når det gjeld aktivitet, men ikkje for tverrfageleg spesialisert rusbehandling.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same månad i 2019 er det ein nedgang i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 9,5 % og 2,9%. Tal ISF-konsultasjonar er 2,9 % høgare enn tilsvarande tal frå 2019 .

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per januar 1,7 % høgare for døgnbehandling og 0,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten 6,3 % høgare enn i same periode i 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er lågare enn same periode i 2019.

I januar 2022 samla sett var om lag 2 % av dei polikliniske konsultasjonane viedokonsultasjonar og 10 % telefonkonsultasjonar.

Ventetider (behandla) gikk opp innan somatikk, psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn og unge frå desember til januar, og er høgare enn same månad i 2019.

Prosentdel fristbrot for dei som har fått starta helsehjelp gjekk frå 5,5 % i desember til 6,3 % i januar. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet for januar viser eit negativt avvik i forhold til budsjettet, men det er stor usikkerheit knytt til resultatet sidan føretaka har hatt stor fokus på avslutning av rekneskapen for 2021 denne månaden.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2022 til etterretning.

Sak 030/22 Årleg melding 2021

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Styret hadde følgjande innspel til kapittel 1.5 i årleg melding:

Det bør skrivast inn noko meir om TSB

I forhold til psykisk helsevern og særleg BUP, peika styret på utfordringsbilete knytt til rekruttering samt at det at helseføretaka har klart å halde oppe aktiviteten innan BUP skuldast i stor grad meirarbeid.

Til neste år ønskja styret å få utkast til kapittel 1.5 til styret for innspel i styremøtet i februar, før endeleg behandling av årleg melding i styret.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente årleg melding for 2021 med den endringa som blei gjort i møtet, og ber administrerande direktør sende meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tek årleg melding for 2021 frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 031/22 Sikkerheitspsykiatri i Helse Vest – status og oppfølging av handlingsplan

Oppsummering

Regionalt kompetansesenter for sikkerhets- fengsels- og rettspsykiatri (SIFER Sør Øst) har utarbeidd nasjonale statusrapportar i 2005, 2008, 2015 og 2020. Rapporten for 2020 peiker på at sikkerheitspsykiatrien har vært under stort press over mange år, at lovendringar innan justissektoren har ført til ein endra pasientpopulasjon, at ein aukande del av døgnplassane blir belagt av domfelte frå justissektoren, at det er eit aukande tal pasientar med kombinasjonen av rusmisbruk, alvorlig psykisk sjukdom og voldeleg åtferd, at andelen pasientar med schizofrenidiagnose er høgt og aukande, og at tal behandlingsplassar er for lågt.

I Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 blei det peika på at det innan sikkerheitspsykiatrien var behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbodet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Regional plan for sikkerheitspsykiatri blei utarbeidd hausten 2020, og sendt over til helseføretaka for oppfølging. Rundt årsskiftet 2021 / 2022 la helseføretaka fram lokale planar for styrking av sikkerheitspsykiatrien. Dei lokale planane har eit tidsperspektiv fram mot 2024-2025, og inneberer vesentleg styrking av sikkerheitspsykiatrien.

Sikkerheitspsykiatrien blei styrka budsjettmessig frå RHF-et sin side med 20 mill. i 2021, og ytterligare 20 mill. frå og med 2022. Det er sannsynleg at styrking vil finne stad også i åra 2023 og 2024. Det er forventet styrking av budsjettet for sikkerheitspsykiatrien også ved prioritering av midlar internt i dei lokale helseføretaka.

Det er eit aukande press inn mot sikkerheitspsykiatrien av to hovudårsakar: Auka volum grunna pasientar frå justissektoren, og meir krevjande pasientar (alvorleg psykisk sjukdom, rus og vald)

Handlingsplanen har eit tidsperspektiv fram mot 2025.

Til neste gjennomgang av handlingsplanen ønskja styret ein orientering om samansetting av bemanning innanfor sikkerheitspsykiatrien, inkludert omfanget av ufaglærte. Styret ønskja også ei vurdering av om omfanget av vald og truslar i relasjon til medarbeidarane sin kompetanse.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret gav sin tilslutning til at årleg auke på 20 mill. kroner til sikkerheitspsykiatrien frå 2022 blir fordelt med 10 mill. kroner kvar til Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF.
2. Styret understreker viktigheita av å følgje opp både lokal og regional plan for sikkerheitspsykiatri og ber styra i helseføretaka om å etablere rutinar for dette.

Sak 032/22 Tronvik - utvide behandlingstilbod til rusmiddelavhengige

Oppsummering

Tronvik har i dag eit behandlingstilbod til rusmiddelavhengige med 15 døgnplassar og har tidlegare hatt 11 døgnplasser innan psykisk helsevern som blei flytta til nye lokalar i Førde i mars 2021. Helse Førde HF ønskjer å drifte rusbehandling i dei ledige sengene frå 2023 og har bedt om ei regional finansiering av plassane, da pasientgrunnet i Helse Førde HF åleine er for lite. I saka blir det tilrådd å utvide rusbehandlingstilbodet ved Tronvik med 5 døgnplassar frå 2023, totalt 20 plassar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til Helse Førde HF sin plan om utviding av behandlingstilbodet til rusmiddelavhengige ved Tronvik med 5 plassar frå 2023.
2. Styret i Helse Vest RHF ber om at det i budsjettet for 2023 blir satt av 11,5 mill. kroner til Helse Førde HF til finansiering av plassane.
3. Dei nye behandlingsplassane ved Tronvik skal vere plassar som kan nyttast av pasientar frå heile regionen

Sak 033/22 Fagleg rapport – Forsking i Helse Vest 2021

Oppsummering

Fagleg rapport 2021 er den årlege rapporten frå Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon, og omhandlar forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning som er sekretariat for samarbeidsorganet. Rapport for 2021 er den 19. i rekka, og rapportane er tilgjengeleg frå Helse Vest si nettside om forskning.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten «Faglig rapportering 2021» til etterretning.

Sak 035/22 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret

Oppsummering

Ein gong i året blir eit utval styrande dokument lagt fram for styret. Tanken er å sikre god kunnskap om og oversikt over desse dokumenta samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

I samsvar med tilråding frå revisjonsutvalet i møte 03.03.2022, slutta styret seg til følgjande endring i instruks for revisjonsutvalet pkt. 2.1:

«Styret vel tre medlemmer til revisjonsutvalet, deriblant leiar av utvalet. Eitt medlem skal veljast blant styremedlemmene valt av og blant dei tilsette. Minimum eit av medlemmene i revisjonsutvalet skal ha kunnskap om rekneskap eller revisjon.

Styret peika på at det ikkje var siste versjon av etiske retningslinjer som var sendt ut til styret. Rett versjon av alle styrande dokument vil bli lagt ut i eigen mappe i Admincontrol.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret er kjend med og tok til etterretning følgjande dokument:
 - Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 10. januar 2022
 - Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 30. september 2019
 - Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
 - Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
 - Etiske retningslinjer for Helse Vest
2. Styret vedtok i tillegg dei tilrådde endringane i følgjande dokument:
 - Instruks for revisjonsutvalet, med den endringa som blei gjort i møtet.
 - Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
 - Instruks for internrevisjonen

Sak 036/22 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2021

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Revisjonsutvalet behandla utkast til årsrapport på møte 03.03.2022, og vedtok dette:

Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å ta årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2021 til orientering, med de endringane som kom fram i møtet.

To internrevisjonsprosjekt vart ferdigstilte i 2021:

- Økonomistyring i byggeprosjekt
- Tvangsbruk i psykisk helsevern

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2021 til orientering.

Sak 037/22 Revisjonsplan 2022-2023, internrevisjonen Helse Vest RHF

Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2022 og 2023. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka og andre.

Forslaget er at følgjande prosjekt inngår i planen for dei kommande to åra:

- Uønska variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (under oppstart - planlagt ferdigstilt 3. kvartal 2022)
- Brukarmedverknad i føretaka (planlagt oppstart siste halvdel av 2022)
- Bruk av avtalespesialistar
- Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Administrasjon av pasientar på venteliste
- Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest

Følgjande prosjekt er i arbeid og kjem truleg til avslutning i første halvdel av perioden:

- Læring på tvers etter uønskete hendingar

I tillegg til dei revisjonane som skal gjennomførast i regi av internrevisjonen, så skal òg sjølve internrevisjonen og –revisjonsfunksjonen i Helse Vest RHF bli revidert av ekstern part i 2022-23. Dette er ein type revisjon som er pålagt kvart femte år (ref. IIA Standard 1312 – Eksterne evalueringar).

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente forslaget til ny plan for internrevisjon 2022-23.

Sak 034/22 Helse 2035 – Status for gjennomføringa av tiltaksplanen, samt Nasjonal helse- og sjukehusplan og utviklingsplanarbeidet

Oppsummering

Tiltaka i den regionale tiltaksplanen er ein sentral del av gjennomføringa av strategien, Helse2035. Denne saka gir ei statusoppdatering om framdrifta, og skildrar overordna korleis Helse Vest RHF skal arbeide vidare med tiltaka.

Sjølv om situasjonen rundt covid-19 har tatt mykje merksemd sidan mars 2020, har Helse Vest hatt aktivitetar og framdrift knytte til tiltaka. Nokre av tiltaka er ferdigstilte, men dei fleste pågår og er ein del av eit langsiktig utviklingsarbeid. Covid-19 har òg ført til at ein del aktivitetar blir framskunda og er enda meir aktuelle. Overordna kan vi seie at Helse2035 har bestått «covid-19-testen», ved å vise seg robust og aktuell i den spesielle situasjonen.

Arbeidet med ein oppdatert regional utviklingsplan er i gang. Styret ga sin tilslutning til planen for arbeidet og innretninga på arbeidet i styremøte 30. september 2021, sak 90/21. Den oppdaterte regionale planen vil leggje til grunn Helse2035-strategien, nasjonale føringar i Nasjonal helse- og sjukehusplan, oppdragsdokument og føretaksprotokollar, og innspela frå dei lokale utviklingsplanane som helseføretaka no vedtek. Helse Vest legg opp til at tiltaksplanen blir oppdatert etter at styret i Helse Vest har vedtatt (ny) Regional utviklingsplan for 2023-2028 i desember 2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok saka til orientering og ber om at ein oppdatert versjon av tiltaksplanen blir utarbeid etter at ny regional utviklingsplan er vedteke.

Sak 038/22 Riksrevisjonen si undersøking av helseføretaka sine investeringar i bygg og medisinsk teknisk utstyr

Oppsummering

Målsettinga til Riksrevisjonen med denne undersøkinga er å undersøke om spesialisthelsetenesta legg til rette for effektiv drift og god pasientbehandling gjennom investeringar i medisinsk-teknisk utstyr og bygg. Riksrevisjonen tek i rapporten opp fleire forhold der det blir peika på behov for meir aktiv oppfølging.

Helse Vest RHF vil nytte funna frå rapporten i løpande forbetningsarbeid.

I føretaksmøtet 10. januar 2022 blei det vist til *Riksrevisjonenes undersøkelse av helseføretakenes investeringar i bygg og medisinsk-teknisk utstyr*. Det blei stilt krav om at Helse Vest RHF skal sørge for å ha ei oversikt over tilstanden på medisinsk-teknisk utstyr som grunnlag for å følgje opp planar for utskifting i alle helseføretak. Kravet er vidareført til

helseføretaka i styringsdokumenta for 2022, og det vil bli sett ned eit regionalt leia arbeid som vil sikra at kravet blir følgd opp.

Det blei i føretaksmøtet også stilt krav om at dei regionale helseføretaka skal:

- fastsette mål for tilstandsgrad for sine sjukehusbygg.
- sikre at helseføretaka utarbeider verdibevarande vedlikehaldsplanar med bakgrunn i tilstandsregistreringa av bygningsmassen som vert gjort kvart fjerde år, slik at fastsette mål for tilstandsgrad blir nådde.

Også dette kravet er følgd opp i styringsdokumenta til helseføretaka og vil bli følgd opp i eit regionalt leia arbeid.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering og ber om å bli halden orientert om oppfølging av undersøkinga.

Sak 039/22 Revidert utgåve av «Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest»

Oppsummering:

Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta trådde i kraft i 2017. Forskrifta erstattar tidlegare forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Føremålet med forskrifta er å bidra til forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at andre krav i helse- og omsorgslovgivinga blir etterlevd.

«Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest» blei vedteke i styresak 119/20. Det gjekk då fram at arbeidet med ny modell for risikostyring starta hausten 2020. Når dette arbeidet var ferdig, skulle det bli utarbeidd ei revidert utgåve av «Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest».

Arbeidet med risikostyring har resultert i nye prinsipp og retningslinjer for risikostyring, og rammeverk er som følge av det revidert.

Styret peika på at i det vidare arbeidet bør ein sjå på om trelinjemodellen for verksemdsstyring bør omtalast, samt vurdere om internrevisjonen bør skifte namn til konsernrevisjon.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF vedtok revidert «Rammeverk for verksemdstyring i Helse Vest».

Sak 040/22 Høyring – forslag til endringar i forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldeteneste mv. (akuttmedisinforskrifta)

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til endringar i akuttmedisinforskrifta på høyring. Det blir foreslått endringar i krava til kompetanse i §11 for personell som skal bemanne ambulansebilane.

I Helse Vest har høyringa blitt sendt til helseføretaka og framlegget diskutert mellom ambulansetenestene i regionen. Alle helseføretaka i regionen har gitt ei samstemd tilbakemelding på høyringa.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa om høyringa til orientering.

Sak 041/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Leiar av RBU viste til referatet frå møte i Regionalt brukarutval 13.01.2022

Det regionale brukarutvalet har arbeidd mye med at årleg melding frå brukarutvalet skal gje konkret og god informasjon om utvalet sitt arbeid.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 042/22 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Referat frå møte i Regionalt brukarutval 13.01.2022

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 23.03.2022 Torunn Nilsen

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Gunnar Berge Medlem

Anne Karin Hamre Medlem

Oddvar Kaarbøe Medlem

Solfrid Borge Medlem

Tord Anton Haaland Medlem

Wenche Kristin Røkenes Medlem

Marie Skontorp Medlem

Egil Olsen Medlem